
Saksnr: 2019/11-98
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		22.06.2021

Nominering av kandidat til styret i Fjord Norge AS

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune nominerer følgjande person som styremedlem i Fjord Norge AS for perioden 2021-2023:

Styremedlem:

Samandrag

Fylkesrådmannen legg fram sak om nominering av éin person til styret i Fjord Norge AS. Det formelle valet skjer på generalforsamlinga i selskapet 29.06.21.

Vestland fylkeskommune har ansvar for å nominere til saman to kandidatar til styret i Fjord Norge AS. I fjor nominerte fylkestinget Noralv Distad for resten av fylkestingsperioden.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I brev 08.06.21 syner Fjord Norge AS til at fylkeskommunen har peikt ut to personar til styret i selskapet, Noralv Distad og Jan Heggheim. Sistnemnde vart utpeikt av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019.

Selskapet ber fylkeskommunen opplyse om Heggheim vil bli utpeikt for ein ny periode. Selskapet informerer om at det, i den fasen selskapet og reiselivet er i no, er ønskjeleg med kontinuitet i styret. Styreleiar, Terje Devold, har derfor sagt seg villig til å stå i vervet eit år til.

Fylkesrådmannen legg her fram sak om nominering av éin person til styret i Fjord Norge AS. Det formelle valet finn stad på generalforsamlinga i selskapet 29.06.21 og gjeld for to år.

Informasjon om tidlegare gjennomførte nominasjonar og val går fram av fylkeskommunen sitt eige valregister, som ligg på fylkeskommunen sin nettstad (politikk/for-folkevalde):
<https://www.vestlandfylke.no/globalassets/politikk/valregister-per-mars-2021.pdf>.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l., når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5. tredje avsnitt.

Om nominasjonen

Fjord Norge AS sitt hovudføremål, jf. vedtektene av 31.05.16, er å drive internasjonal marknadsføring og tilrettelegging for sal for reiselivet i Rogaland, Vestland og Møre og Romsdal. Selskapet har også høve til å drive nasjonal marknadsføring. Selskapet skal særleg arbeide for å utvikle eit heilårleg reiseliv.

Vestland fylkeskommune eig 17,8 % av selskapet. Rogaland og Møre og Romsdal eig kvar 8,9 % av selskapet. Andre eigarar kan m.a. vere reiselivsråd, destinasjonsselskap, lokale reiselivslag, kommunar og liknande.

Styret har ni medlemer, som var vert valde for to år om gongen, jf. vedtektene § 6. Generalforsamlinga vel styreleiar, medan styret sjølv vel nestleiar. Det vert ikkje valt varamedlemer til styret. Selskapet har også ein valkomité, med representasjon frå kvart av fylka i selskapet.

Etter den ordinære generalforsamlinga i 2020 er styret samansett slik:

Styreleiar: Terje Devold
Styremedlem: Elisabeth Bakken
Styremedlem: Eivind Vartdal Ryste
Styremedlem: Anders Nyland
Styremedlem: Jan Heggheim (nominert av SFFK, funksjonstid 2019-2021)
Styremedlem: Asgeir Blindheim
Styremedlem: Eva Sørås Mellgren
Styremedlem: Noralv Distad (nominert av VLFK, funksjonstid 2020-2022)
Styremedlem: Iver Jan Leren

Fylkeskommunane har, ifølgje vedtektene § 6, ansvar for å nominere ein kandidat kvar til styret i selskapet. Vestland fylkeskommune har overteke dette ansvaret frå HFK og SFFK, og har derfor ansvar for å nominere to styremedlemer, fram til vedtektene eventuelt vert endra.

I 2020, PS 18/2020, nominerte fylkestinget Noralv Distad som styremedlem for fylkestingsperioden. Jan Heggheim vart utpeikt av Sogn og Fjordane fylkeskommune i 2019. Han er altså på val i år.

I samband med valet i 2020, påpeikte generalforsamlinga at det var uheldig med sju menn og to kvinner i styret. For kommunalt eller fylkeskommunalt eigde selskap er kjønnsbalanse først eit

lovkrav når kommunen og fylkeskommunen åleine eller til saman eig minst to tredjedeler av aksjane i selskapet. Dette er ikkje tilfelle her, men fylkeskommunen sin eigarpolitikk er å jobbe for kjønnsbalanse uavhengig av om dette er eit lovkrav eller ei. Sjå eigarskapsmeldinga 2020, punkt 2.5.3, om dette.

Det bør også nemnast at fylkestinget, i PS 18/2020, peikte ut Gunnhild Berge Stang som varamedlem til selskapet. Sidan selskapet ikkje har varamedlemer, har ikkje denne nomineringa ført til noko formelt verv i styret i selskapet.

Oppsummert: Fylkeskommunen skal nominere éin kandidat til styreverv i selskapet. Av omsyn til kjønnsbalansen i styret bør kandidaten vere ei kvinne. Samstundes peikar selskapet på behovet for kontinuitet i styret.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant.

Klima: Ikkje relevant.

Folkehelse: Ikkje relevant.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant.